



DEN NORSKE KYRKJA
Dovre kyrkjelege råd

MØTEBOK – DOVRE KYRKJELEGE RÅD

Møtedato	Møtestad
Onsdag 27. april 2022 kl. 18.00- 21.20	Klukkarhaugen

TIL STADES PÅ MØTET

Med stemmerett:

Dovre sokn: Anne Brit Roen Eriksen, Helle Hundevadt (sak 12-14), Hans Ingvald Hovde.

Dombås sokn: Eli Nytrøen Lyngen, Hanna Mølmen, Jomund Endre Angard, Knut Arne Berget.

Prest: Elisabeth Torp.

Kommunerepr.: Knut Nytun.

Med tale- og forslagsrett: Kyrkjeverge Elin Marit Andgard.

SAKER TIL HANDSAMING

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

SAK 12/22 ÅRSREGNSKAP 2021

SAK 13/22 GUDSTENESTE- OG OFFERPLAN 2022 – ANDRE HALVÅR

SAK 14/22 SOMMEROPE KYRKJE

SAK 15/22 REFERAT OG ORIENTERINGER

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med underskrifta vår at det som er ført under saksnummer 12-15/22 er i samsvar med det som er vedtatt på møtet.

Helle Hundevadt

Knut Nytun

Jomund Angard

Anne Britt Roen Eriksen

Hans Ingvald Hovde

Elisabeth Torp

Eli Nytrøen Lyngen

Innkalling: 6. april 2022.

Sakspapir utsendt 22. april.

Hovedutskrift: Dovre kommune v/formannskap og rådmann, prosti i Nord-Gudbrandsdal prosti, revisor.

SAK 12/22 ÅRSREGNSKAP 2021

Saksopplysninger:

Vedlegg:

- Årsregnskap 2021; tekstdel, oversikter, investeringsregnskap, driftsregnskap og balanse.

Budsjett og regnskap skal følge forskrift om økonomiforvaltningen i sokn i Den norske kyrkje, fastsatt av Barne- og familiedepartementet. Denne forskriften er revidert pr. 1.1.21. «Årsregnskapet og årsberetningen fastsettes av soknets organer og undertegnes av valgt leder og daglig leder der det finnes, innen 20. mars. Revisor skal for hvert regnskapsår avgi revisjonsberetning innen 30. april.»

Regnskapet er delt i tre deler: Driftsregnskap, investeringsregnskap og balanse.

Investeringsregnskapet består av egenkapitalinnskudd i KLP (kr 11.329), sikringstiltak kyrkjebygg (kr 356.165), Dombås kyrkje brann (kr 27.178.921). Investeringsregnskapet er avslutta i balanse.

Driftsinntektene var kr 5.683.643 (inkl. renter) og driftsutgiftene kr 5.111.198. Driftsregnskapet er avslutta med eit mindreforbruk på kr 276.093.

Det er to kostnader som burde vore ført på regnskap-2021, men som kjem på regnskap-2022: Lønnskostnader under funksjonen «Kyrkjeleg administrasjon» på ca 190.000 kr (auka ressursar pga. meirarbeid rundt Dombås kyrkje) og utført kyrkjevedlikehald i 2021 som vart fakturert i 2022, ca 70.000. I realiteten er mindreforbruket (resultat) derfor berre 15-20.000 kr.

Under funksjonen «Kyrkjer» er lønnsutgifter under budsjett pga. vakanse i 15 % kyrkjetenarstilling. Vedlikehaldskostnader over budsjett der mange enkelttiltak er utført. Funksjon «Kyrkjegarder» kom bedre ut enn budsjettert pga. sum festeavgift.

Innstilling:

Rådet fastsetter det framlagte regnskapet som rådets regnskap for regnskapsåret 2021. Regnskapsmessig mindreforbruk (overskudd) kr 276.093 blir sett av til disposisjonsfondet.

Saksopplysning på møtet:

Festeavgift-inntektene skal være 43.060 kr lågare, og sum driftsinntekter og resultat blir redusert tilsvarende.

Vedtak:

Rådet fastsetter det framlagte regnskapet som rådets regnskap for regnskapsåret 2021. Regnskapsmessig mindreforbruk (overskudd) kr 233.033 blir sett av til disposisjonsfondet.

SAK 13/22 GUDSTENESTE- OG OFFERPLAN 2022 – ANDRE HALVÅR

Saksopplysninger:

Vedlegg:

- Forslag til gudsteneste- og offerplan andre halvår

Planen må spegle dei ressurser som er tilgjengeleg og ferieavvikling om sommeren. Gudstenesteplanen skal dekke mange ynskjer og hensyn: Biskopens forordning (antall gudstenester pr. gudstenestestad), regelmessig tilbod, moglegheit for dåp, trusopplæringstiltak, henstilling om å ha setermesser og godt tilbud i Eysteinkyrkja om sommeren.

Andre forhold:

- Planen har ikkje ordinære gudstenester på tettstaden Dombås mellom 18.5 og 28.8, men det er gudstenestetilbod andre stader i soknet (Eysteinkyrkja) og i Dovre kyrkje.
- Helga 20.-21. august er det nasjonal drop-in-dåpshelg og det er oppfordring om å ha slikt tilbod minst ei stad i prostiet.
- Pilegrimmer på langvandring har kviledag på Budsjord 10. juli.

Innstiling:

Dovre kyrkjelege råd vedtek forslaget til gudsteneste- og offerplan andre halvår.

Vedtak:

Dovre kyrkjelege råd vedtek forslaget til gudsteneste- og offerplan andre halvår med følgande endringer:

- Gudstenestene/setermessene 9. oktober blir flytta til 2. oktober med samme tidspunkt. Offerformål denne dagen blir Nye Dombås kyrkje i staden for Himalpartner.
- Kyrkjekaffe 25. september.
- Helgemesse 6. november blir kl 16.00. Kyrkjekaffe ved Piger, hvin og sang.

SAK 14/22 SOMMEROPE KYRKJE

Saksopplysninger:

Dovre kyrkjelege råd må fastsette opningstider for sommerope Eysteinkyrkje ut frå kva som er mogleg.

Hamar bispedømme utlyser midler til ope kyrkje, primært til nye stader og tilbod.

Vedtak:

DKR vil legge til rette for at Dovre kyrkje kan opnast etter avtale.

Eysteinkyrkja blir åpen i perioda laurdag 25. juni – søndag 7. august (44 dager) kl. 10 – kl. 15.

- DKR ved Randi og Jomund skaffer flest mogleg frivillige.
- Kyrkjeverge undersøker om det er mogleg å skaffe midler til sysselsetting av ung(e) arbeidstaker(e).
- Kyrkjeverge tilsetter ungdom(mer) i noko større grad enn tidlegare år.
- Kyrkjekontoret kontakter pilegrimssenteret for koordinering og avtaler.

SAK 15/22 REFERATER OG ORIENTERING

Saksopplysninger:

- **Protokoll frå Dovre kyrkjelege råd 6. og 20. april 2022.**
- **Protokoll frå kyrkjelydsmøte 20. april 2022.**

- **Orienteringer:**
 - Utlån/utleige av Eysteinkyrkja: Speidermesse 4. juli. Konsert 27. august for deltakere på helgearrangement i regi av LEVE (Landsforeningen for etterlatte ved selvmord).
 - Kyrkjelydens aktiviteter i faste og påsketid: Notat fra soknepresten med beskrivelse og foto delt ut.
 - Korrespondanse om valg av gravferdsbyrå.
 - Dombås kyrkje:
 - Status arbeid (tårn, spir)
 - Sakristi-vindauger blir restaurert, øvrige blir nye og likedan med bedre isoleringsevne i varevindauge (innerglass).
 - Nye dører fra våpenhus og sakristi til kyrkjerommet, øvrige dører blir restaurert.
 - Av omsyn til arkitekturen blir det ikkje takrenner og snøfangere rundt heile kyrkja, kun over innganger som tidlegare.
 - Pipe mellom kor og sakristi blir rive. Ny bærekonstruksjon i tak.
 - Utlekking av taket for lufting og bedre isolasjon blir utført, også av hensyn til bedre feste av skiferheller og bedre sikkerheit.
 - Forhold som må avklarast av rådet snarleg: Valg av varmesystem, slukkeanlegg, golvkonstruksjon og valg av golv. Avklaring av løysing av kjeller og evt. forsterking galleri.
 - Forventer avklaring om altertavla neste veke.
 - Kyrkjeverge, prosjekleder og arkitekt kvalitetssikrer kostnadsoverslag over byggherrebestemte tiltak/endinger.

- **Post:**
 - Igneus: Notat til slukkeanalyse: Blir tatt med i saksutredning om slukkeanlegg.

Innstilling:

Protokollen frå rådsmøtet 6. og 20. april 2022 er godkjent.
Øvrige orienteringer tatt til etterretning.

Vedtak:

Innstilling einstemmig vedtatt.

GUDSTENESTE- OG OFFERPLAN 2. HALVÅR 2022

Dato	Kl.	Sted	Merknader	Offerformål
3. jul.	12.00	Tolleivshaugen	Setermesse Kyrkjekaffe	Himalpartner (misjonsprosjekt)
10. jul.	19.00	Eysteinkyrkja	Oppdalsprest	Eysteinkyrkjefondet
17. jul.	12:00	Dovre kyrkje		SR-Diakoni
31. jul.	19.00	Eysteinkyrkja	Oppdal med organist	Eysteinkyrkjefondet
7. aug.	11.00	Dovre kyrkje	Mulighet for dåp. Blir ikkje offentligjort.	
7. aug.	14.00	Eysteinkyrkja	Dovrefjellsmarsjen.	Eysteinkyrkjefondet
14. aug.	19.00	Eysteinkyrkja	Folldal med organist.	Eysteinkyrkjefondet
28. aug.	12.00	Dombås hotell	60+70 år konfirmantjubleum	Nye Dombås kyrkje
11. sep.	12:00	Dovre kyrkje	50 år konfirmantjubleum	Nye Dombås kyrkje
25. sep.	13:00	Eysteinkyrkja	Haustattakkefest. Trosopplæring (7 og 8-år). Kyrkjekaffe.	SOS barnebyer
25. sep.	18.00	Dovre kyrkje	Haustattakkefest og konfirmantpresentasjon. Kyrkjekaffe.	SOS barnebyer
2. okt.	11:00	Hjellsetra	Setermesse Kyrkjekaffe	Nye Dombås kyrkje
2. okt.	14.00	Skogsætrin	Setermesse Kyrkjekaffe	Nye Dombås kyrkje
23. okt.	12:00	Dovre kyrkje	Ljosvaken	TV Aksjonen
26. okt.	19.00	Dovre kyrkje	Aftensang/vesper	
6. nov.	16.00	Dovre kyrkje	Helgemesse. Kyrkjekaffe.	
23. nov.	19.00	Dovre kyrkje	Aftensang/vesper	
27. nov.	10:00	Dombås hotel	Trosopplæringstiltak (4 års bok)	Redd Barna
27. nov.	12:00	Dovre kyrkje	1 sønd Adv	Redd Barna
11. des.	12:00	Dovre kyrkje	Luciamesse Trosopplæringstiltak	SR-barn og unge
11. des.	18:00	Dombås hotel	Ljosmesse	SR-barn og unge
24. des.	13.30	Fredheim kapell	Julaftenmesse	
24. des.	15.30	Sentralplassen	Julaftenmesse	Kirkens nødhjelp
25. des.	12.00	Dovre kyrkje	Juledagsmesse	Kirkens nødhjelp
26. des.	12.00	Eysteinkyrkja	2. juledagsmesse	Kirkens SOS
31. des.	18.00	Dovre kyrkje	Nyårsaftenmesse	Kirkens familievernkontor Otta